



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Hovudutval teknisk/næring  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Dato:** 20.11.2023  
**Tid:** Kl. 17:00-19:32

---

**Følgande medlemmer møtte: Parti**

Leif Tore Haukås	FRP
Grethe Lier Alne	H
Mikal Møller Hovda	H
Trond Årre	KRF
Linda Sæverhagen	SP
Olav Østebø Olsen	SV

<b>Forfall:</b>	<b>Parti</b>	<b>Vara:</b>	<b>Parti</b>
Tatsiana Kozel	AP	Anne Lise Økland	AP
Petter Steen jr.	Barnerep.	Ingen	
Ungdomsråd		Ingen	

**Møtenotater:**

**Endring av sakslista:**

Ingen

**Endring i tal på medlemmer til stades:**

Ingen

**Til å skriva under møteboka blei valde:**

1. Trond Årre
2. Linda Sæverhagen

*I tillegg signerer møteleiar og møtesekretær møteboka. Møtebøkene blir signert elektronisk.*

**Til stades frå administrasjonen:**

Kenneth Tollefsen, kommunalsjef  
Bjarne Hetlesæter, einingsleiar og politisk sekretær HTN  
Arne Berg, rådgjevar byggesak (tilhøyrar)



## Sakliste

<b>Sak nr</b>	<b>Sakstittel</b>
PS-065/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
PS-066/23	Referat og meldingar
RS-1	Høyringsliste – November og desember 2023
RS-2	Høyringsliste – September og oktober 2023
RS-3	Kommunale gebyr 2024 – Referatsak til hovudutval
PS-067/23	Orienteringar
PS-068/23	Fullmaktssaker
PS-069/23	Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023
PS-070/23	Klage på administrativt vedtak - Småbåthamn/flytebrygge - Gnr. 107 bnr. 1
PS-071/23	Klage på vedtak om avslag - dispensasjon til næring frå bustad - gnr. 400 bnr. 112 - Ånavegen 8
PS-072/23	Reguleringsplanarbeid for fv. 541 Tjernagelvegen
PS-073/23	Klage på vedtak om avslag
PS-074/23	Høyringsuttale til kommunedelplan E39 Bokn - Bømlafjorden med konsekvensutgreiing

## **065/23 Godkjenning av innkalling og protokoll**

### **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

#### **Behandling**

##### **HTN - 065/23 Vedtak:**

Innkalling dagsett 10. november 2023 med tilleggsinnkallingar dagsett 15. og 19. november 2023 blir godkjent med merknad om at sak HTN-074/23 blei sendt ut veldig seint.

Protokoll frå møte 16. oktober 2023 blir godkjent.

## **066/23 Referat og meldingar**

### **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

#### **Behandling**

##### **HTN - 066/23 Vedtak:**

Referat og meldingar blir tekne til orientering saman med det vedtaket som er protokollert under referatsak nr. 1.

## **1 Høyringsliste – November og desember 2023**

### **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

#### **Behandling**

Samrøystes som framlagt av Leif Tore Haukås mot éi røyst. Mindretal: Olav Østebø Olsen (SV)

**HTN - 1 Vedtak:**

Sveio kommune sender svar til sak 1 i høyringslista, og fraråder at kommunene kan pålegges å opprette og drive asylmottak, samt at bruksrett til privat eiendom kan eksproprieres.

**2 Høyringsliste – September og oktober 2023****20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring****Behandling****HTN - 2 Vedtak:****3 Kommunale gebyr 2024 – Referatsak til hovudutval****20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring****Behandling**

Leif Tore Haukås trekte framlegget sitt etter oppklarande opplysningar frå kommunalsjef Tollefsen.

**HTN - 3 Vedtak:****067/23 Orienteringar****20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring****Behandling****Orienteringar ved kommunalsjef Kenneth Tollefsen:**

### **1) Kryssløysing Ekrene**

Sveio kommune har hatt møte med Vestland fylkeskommune, og det føreligg tre alternative forslag til kryssløysingar frå fylkeskommunen: Alt. 1; nedskalert versjon av planlagt toplanskryss som rundkøyring på fv. 47 med avkøyring til Gjeringstjørn bustadområde og Ekrene næringspark i tillegg til arm mot Gullvegen med ny tilkomstveg til Rophusfeltet. Alt. 2; rundkøyring i kryss mellom fv. 47 og Gullvegen. Dette vil koma i konflikt med tomt på næringsområdet i tillegg til at det vil vera uheldig med veg til Gjeringstjørn bustadområde gjennom næringsområdet. Alt. 3; fullkanalisering av T-kryss mellom fv. 47 og Gullvegen, noko som vil vera ei rimelegare løysing. Vidare er det planlagt ny undergang under fv. 47 like nord for krysset mellom fv. 47 og eksisterande Rophusveg. Mogeleg finansiering av kryssløysingar gjennom utvida Haugalandspakke og omdisponering av midlar til ny undergang i tillegg til bidrag frå fylkeskommunen og Sveio kommune. Framleis ein del usikkerhet omkring dette m.o.t. regulering, bygging, finansiering og ikkje minst tidsaspektet. Avklaringsmøte omkring utvida Haugalandspakke i styringsgruppa for Haugalandspakken 23.11.23 og sak om prioritering av prosjekt våren 2024. Områdeplan for Ekrene vest må justerast og tilpassast eit eventuelt reguleringsarbeid med nytt kryss på fv. 47.

### **2) Kommuneplan**

Grovsilinga er vedteken og oversyn over arealreservar saman med senterstruktur skal leggjast fram for politisk styringsgruppe (formannskapet) 27.11.23 medan temakart vil bli presentert på nyåret 2024.

### **3) Politikaropplæring HTN**

Tilbod frå Tysnes kommune om å delta på opplæring på Tysnes fredag 24.11.23 kl. 0900-1600 med påmeldingsfrist 21.11.23. Lober interesse for dette, og det blir undersøkt om same opplæringa kan gjennomførast for HTN-medlemmer og deler av administrasjonen lokalt i Sveio. Andre alternativ blir òg vurdert.

### **4) Bustadbygging i Sveio**

Mikal Møller Hovda hadde meldt innfølgjande spørsmål på førehand: *"Etter det eg forstår, så er det berre selt nokre få tomter i det nye bustadfeltet i Sveiåsen, og at det ikkje er seldt nokon i dette året. Eg ønskjer difor ei orientering i HTN 20. november 2023 generelt om aktiviteten på bustadmarkedet i Sveio, korleis tomtene har vore gjort kjende og kva planar/tankar som er for marknadsføring og salg av tomter neste år"*. Kommunalsjef Tollefsen orienterte om at det så langt berre er selt 3 tomter, og at dette truleg skuldast generell prisstiging og renteauke den siste tida. Sveio kommune har engasjert eigedomsmeklar til å utarbeida prospekt, marknadsføra tomtene og gjennomføra sal. Prisregulering blir vurdert saman med meir intensiv marknadsføring.

### **HTN - 067/23 Vedtak:**

Informasjonen blir teken til orientering.

## **068/23 Fullmaktssaker**

### **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

## Behandling

### HTN - 068/23 Vedtak:

Fullmaktssaker blir tekne til orientering.

## 069/23 Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023

### 20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring

#### Behandling

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak (pkt. nr. 1-3):

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
  - a. Grunnleggjande dugleikar i skulen.
  - b. Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
  - c. Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

##### Framlegg til tilleggspunkt (pkt. nr. 4 og 5) frå Grethe Lier Alne:

4. Sveio kommune bør laga ein handlingsplan for korleis helse og levevilkåra til eldre kan styrkast i framtida.
5. Det bør setjast meir fokus på tilflytting/folkevekst i kommunen.

Samrøystes som framlagt av Grethe Lier Alne mot éi røyst. Mindreteal: Olav Østebø Olsen (SV).

### HTN - 069/23 Vedtak:

#### Tilråding til formannskapet:

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
  - a. Grunnleggjande dugleikar i skulen.
  - b. Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
  - c. Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i

folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

4. Sveio kommune bør laga ein handlingsplan for korleis helse og levevilkåra til eldre kan styrkast i framtida.

5. Det bør setjast meir fokus på tilflytting/folkevekst i kommunen.

## **16.11.2023 Eldrerådet**

### **Behandling**

Fleire tok ordet i saka.

Eldrerådet vedtok samrøystes følgande tillegg til rådmannen sitt framlegg:

- Helse- og levekåra til eldre må styrkast.
- Det er viktig å stimulera til folketalsvekst.

### **ELR - 037/23 Vedtak:**

#### **Eldrerådet si tilråding:**

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
  - Grunnleggjande dugleikar i skulen.
  - Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
  - Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.
  - Helse- og levekåra til eldre må styrkast.
  - Det er viktig å stimulera til folketalsvekst.

## **070/23 Klage på administrativt vedtak - Småbåthamn/flytebrygge - Gnr. 107 bnr. 1**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Klaga blir ikkje teken til følge.
2. Klaga blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.



## 20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring

### Behandling

Det blei gjennomført synfaring på staden før møtet der 7 av 7 utvalsmedlemmer deltok i tillegg til kommunalsjef Tollefsen og sekretær/einingsleiar Hetlesæter. Søkjar/tiltakshavar var til stades og orienterte om saka.

### Framlegg til nytt vedtak frå Trond Årre:

1. HTN tek klagen til følge og stiller seg positiv til at det blir gjeve dispensasjon til etablering av flytebrygge og småbåthamn slik det er søkt om.
2. Vedtaket er gjort med heimel i pbl §§ 1-8, 19-2 og 20-3.

### Grunngjeving:

Anlegget er plassert i tilknytning til eit naustområde der det er langgrunt, og er planlagt for å samla og beskytta båtane mot vér og vind. Det blir ikkje teknisk inngrep i strandsona, tiltaket er i tråd med etablert arealbruk innanfor eit område med langvarig, maritimt bruk og det er etter ei samla vurdering fleire fordeler enn ulemper ved gjennomføring av tiltaket. Omsynet bak regelen det blir søkt om dispensasjon for blir difor ikkje vesentleg sett til side.

Som framlagt av Trond Årre mot éi røyst. MIndretal: Olav Østebø Olsen (SV)

### **HTN - 070/23 Vedtak:**

1. HTN tek klagen til følge og stiller seg positiv til at det blir gjeve dispensasjon til etablering av flytebrygge og småbåthamn slik det er søkt om.
2. Vedtaket er gjort med heimel i pbl §§ 1-8, 19-2 og 20-3.

### Grunngjeving:

Anlegget er plassert i tilknytning til eit naustområde der det er langgrunt, og er planlagt for å samla og beskytta båtane mot vér og vind. Det blir ikkje teknisk inngrep i strandsona, tiltaket er i tråd med etablert arealbruk innanfor eit område med langvarig, maritimt bruk og det er etter ei samla vurdering fleire fordeler enn ulemper ved gjennomføring av tiltaket. Omsynet bak regelen det blir søkt om dispensasjon for blir difor ikkje vesentleg sett til side.

## **071/23 Klage på vedtak om avslag - dispensasjon til næring frå bustad - gnr. 400 bnr. 112 - Ånavegen 8**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Hovedutval teknisk / næring tek ikkje klagen til følge - slik at det vert ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremål bustad til næring. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) § 19-2.

Saka sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

## 20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring

### Behandling

Det blei gjennomført synfaring på staden før møtet der 7 av 7 utvalsmedlemmer deltok i tillegg til kommunalsjef Tollefsen og sekretær/einingsleiar Hetlesæter. Søkjar/tiltakshavar var til stades og orienterte om saka.

### Framlegg til nytt vedtak frå Grethe Lier Alne:

1. Sveio kommune tek klaga til følge og gjev dispensasjon frå arealføremål og plankrav § 2.2.1 til bruksendring av garasje til næringsverksemd på gnr. 40 bnr. 112.
2. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-6 og 19-2.

### Grunngjeving:

Bruksendringa vedkjem eksisterande garasje på,allereie etablert bustadeigendom, der naudsynt infrastruktur alt er sikra. Sveio kommune kan difor ikkje sjå at plankravet §2.2.1. vert vesentleg tilsidesatt i saka. Den omsøkte aktiviteten har vidare eit begrensa omfang og skjer i eit felt kor det har føregått ulike typar småskala næring.

Det er store tomter i feltet som tåler sporadisk næringsaktivitet med utgangspunkt i eigen eigedom. Den aktuelle eigendommen ligg i utkanten av feltet. Garasjen ligg lågare enn feltet for øvrig og medfører at aktiviteten er skjerma. Vasking av bilar vil skje på nordsida vendt bort frå feltet for øvrig. Anna arbeid(som rensing og polering) vil skje inne i garasjen som er bygd i betong og godt isolert. Med bakgrunn i dette finn ein også at arealføremålet ikkje vert vesentleg tilsidesett og vidare at det ligg føre klår overvekt av fordelar ved å gje dispensasjon frå arealføremål og plankrav. Tiltaket er lite og gir opning i føresegnene til kommuneplanen i §3.8.2. Tiltaket er også i samsvar med føringene i strategisk næringsplan der Sveio kommune skal vera aktive tilretteleggjarar for næring, bl.a for verksemdar i ei oppstartsfase.

Som framlagt av Grethe Lier Alne mot éi røyst. Mindretal: Olav Østebø Olsen (SV)

### **HTN - 071/23 Vedtak:**

1. Sveio kommune tek klaga til følge og gjev dispensasjon frå arealføremål og plankrav § 2.2.1 til bruksendring av garasje til næringsverksemd på gnr. 40 bnr. 112.
2. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-6 og 19-2.

### Grunngjeving:

Bruksendringa vedkjem eksisterande garasje på,allereie etablert bustadeigendom, der naudsynt infrastruktur alt er sikra. Sveio kommune kan difor ikkje sjå at plankravet §2.2.1. vert vesentleg tilsidesatt i saka. Den omsøkte aktiviteten har vidare eit begrensa omfang og skjer i eit felt kor det har føregått ulike typar småskala næring.

Det er store tomter i feltet som tåler sporadisk næringsaktivitet med utgangspunkt i eigen eigedom. Den aktuelle eigendommen ligg i utkanten av feltet. Garasjen ligg lågare enn feltet for øvrig og medfører at aktiviteten er skjerma. Vasking av bilar vil skje på nordsida vendt bort frå feltet for øvrig. Anna arbeid(som rensing og polering) vil skje inne i garasjen som er bygd i betong og godt isolert. Med bakgrunn i dette finn ein også at arealføremålet ikkje vert vesentleg tilsidesett og vidare at det ligg føre klår overvekt av fordelar ved å gje dispensasjon frå arealføremål og plankrav. Tiltaket er lite og gir opning i føresegnene til kommuneplanen i §3.8.2. Tiltaket er også i samsvar med føringene i

strategisk næringsplan der Sveio kommune skal vera aktive tilretteleggjarar for næring, bl.a for verksemdar i ei oppstartsfasa.

## **072/23 Reguleringsplanarbeid for fv. 541 Tjernagelvegen**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

### **Alternativ 1:**

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1) datert 04.04.2022 der «Detaljregulering for fv. 541 Krossleite – Grimstveit» blei vedteken.

### **Alternativ 2:**

1. Sveio kommune startar ny planprosess med endring av gjeldande planframlegg for å imøtekomma interessene til alle dei råka grunneigarane langs heile strekninga Krossleite – Grimstveit.
2. Følgjande traséar og/eller delstrekningar skal inngå i arbeidet med endring av gjeldande planframlegg: a) ... b) ... c) ... d) ...
3. Om ikkje forlenging av avtalen med plankonsulenten er mogeleg må det setjast i gong ein anbudsprosess med innhenting av pristilbod på konsulentarbeid i tråd med pkt. 2) ovanfor.
4. Framdriftsplan for ny planprosess blir utarbeidd og lagt fram for kommunestyret saman med sak om endelege kostnader når omfanget av dette er avklara med plankonsulenten eller pristilbod føreligg.

## **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

### **Behandling**

Fleire tok ordet i saka. Møtet blei heva for gruppesamtalar og politiske avklaringar kl. 1821-1835 og kl. 1843-1848.

### **Framlegg til vedtak (rådmannen sitt alternativ 1) frå Olav Østebø Olsen:**

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1) datert 04.04.2022 der «Detaljregulering for fv. 541 Krossleite – Grimstveit» blei vedteken.

Samrøystes som framlagt av Olav Østebø Olsen (rådmannen sitt alternativ 1).

### **HTN - 072/23 Vedtak:**

### **Tilråding til formannskapet:**

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1) datert 04.04.2022 der «Detaljregulering for fv. 541 Krossleite – Grimstveit» blei vedteken.

## **073/23 Klage på vedtak om avslag**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Klage på vedtak om avslag om dispensasjon frå utnyttingsgrad blir ikkje tatt til følge. Vedtaket er heimla i plan og bygningsloven (pbl) § 19-2.

Saka blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

## **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

### **Behandling**

#### **Framlegg til nytt vedtak frå Grethe Lier Alne:**

1. Sveio kommune tek klagen til følgje for bygging av bod på gnr. 7 bnr. 69 og tilrår dispensasjon frå utnyttingsgraden.
2. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-6, 19-2 og 21-4.

#### **Grunngjeving:**

Boda ligg bak hytta og blir ikkje synleg frå sjøen. Den stengjer heller ikkje for utsikta for nabotomtene, siden den vil ligge lågt i terrenget. Det er ikkje merknader til saka frå naboar. I området er det tidligare gjeve dispensasjoner med omsyn til utnyttingsgraden. HTN ser difor ingen ulemper med at det blir gjeve dipensasjon for tiltaket.

Som framlagt av Grethe Lier Alne mot éi røyst. Mindretal: Olav Østebø Olsen (SV)

#### **HTN - 073/23 Vedtak:**

1. Sveio kommune tek klagen til følgje for bygging av bod på gnr. 7 bnr. 69 og tilrår dispensasjon frå utnyttingsgraden.
2. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-6, 19-2 og 21-4.

#### **Grunngjeving:**

Boda ligg bak hytta og blir ikkje synleg frå sjøen. Den stengjer heller ikkje for utsikta for nabotomtene, siden den vil ligge lågt i terrenget. Det er ikkje merknader til saka frå naboar. I området er det tidligare gjeve dispensasjoner med omsyn til utnyttingsgraden. HTN ser difor ingen ulemper med at det blir gjeve dipensasjon for tiltaket.

## **074/23 Høyringsuttale til kommunedelplan E39 Bokn - Bømlafjorden med konsekvensutgreiing**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kommune oversender høringsuttale e39 til Statens Vegvesen.

## **20.11.2023 Hovudutval teknisk/næring**

### **Behandling**

#### **Rådmannen sitt framlegg til høringsuttale (saksframlegget):**

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

#### **Framlegg til tilleggspunkt (nr. 1-7) frå Anne Lise Økland:**

1. Med utgangspunkt i rådmannen sitt saksførelegg bør ny E 39 gjennom Sveio kommune kunne nyttast på ein måte som kan fremja vekst og utvikling i kommunen. Den må med andre ord ikkje berre bli ei transportåre gjennom Sveio.
2. Traseen må leggjast slik at den så langt som råd er tek omsyn til eksisterande næringsliv.
3. Kryss må plasserast slik at det vart god tilknytning og nærleik til næringsområde, og elles passa best mogleg for innbyggjarar i kommunen.
4. Vegen må leggjast godt utanom Førde sentrum, men det bør vera eit kryss i nærleiken.
5. Traseen må i størst mogleg grad leggjast slik at den ikkje berører bustadhus/bustadområde.
6. Ny E39 må planleggjast som 4 felts veg. Rådmannen sitt pkt. 4.4. i saksførelegget kan difor gå ut.
7. Traseen frå Hope til Bømlafjorden bør takast ut av forslag til planprogrammet og gå inn i prosjektet som omhandlar krysning av Bømlafjordtunnelen, for å unngå å skape usikkerheit for dei som har eigendomar i den planlagde strekninga og legge beslag på området.

Pkt. nr. 1 samrøystes som framlagt av Anne Lise Økland.

Pkt. nr. 2-7 som framlagt av Anne Lise Økland mot éi røyst. MIndretal: Olav Østebø Olsen (SV)

#### **Framlegg til endeleg vedtak frå Anne Lise Økland:**

Sveio kommune sender høringsuttale til planprogram for kommunedelplan E39 Bokn-Bømlafjorden med konsekvensutgreiing til Statens vegvesen der punkta nr. 1-7 ovanfor blir vurdert inn i uttalen saman med rådmannen sitt framlegg til høringsuttale.

Samrøystes som framlagt av rådmannen i saksframlegget med tilleggspunkt nr. 1-7 framlagt av Anne Lise Økland.

### **HTN - 074/23 Vedtak:**

#### **Tilråding til formannskapet:**

Sveio kommune sender høringsuttale til planprogram for kommunedelplan E39 Bokn-Bømlafjorden med konsekvensutgreiing til Statens vegvesen der punkta nr. 1-7 ovanfor blir vurdert inn i uttalen saman med rådmannen sitt framlegg til høringsuttale.